



Ing. Bjørnar Vik  
Haugsværlia 1  
5983 HAUGSVÆR

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/346 - 16/6802

Sakshandsamar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
28.02.2020

## Melding om delegert vedtak - plan for vassforsyning og avlaup - gbnr 16/1 og 2, Bustadfelt Træsdalshaugane

Vi syner til søknad motteke den  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr:**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forurensingsforskrifta og godkjenner søknad om plan for vassforsyning og avlaup gbnr 16/1,2 Træsdalshaugane.**

**Søknad med vedlegg ver godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal sendast inn søknad om igangsetting av arbeidet med ansvarsrettar før arbeidet kan settjast i gang.**
- **Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og ansvarleg søker skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 30.06.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf.**
- **SAK § 6-3.**

*Grunngjeving:*

*Heimel:*

*Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forurensingsforskrifta og godkjenner søknad om utsleppsløyve frå biologisk renseanlegg type KLAGESTER BioDisc, gbnr 16/1 og 2, Træsdalshaugane bustadfelt.*

*Søknad med vedlegg mottatt 24.02.2014, vert godkjent på fylgjande vilkår:*

- *Det skal sendast inn service avtale og erklæring av ansvarsrett, for anlegga før montering.*
- *Det skal sendast inn koordinatar for renseanlegga før søknad om ferdigattest.*

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om plan for vassforsyning og avlaup for bustadfelt Tresdalshaugane, gbnr 16/1 og 2.

### 2. Uttale

Ikkje naudsynt

### 4. Fakta

Søknaden gjelds søknad om godkjenning av plan for vassforsyning og avlaup for bustadfelt Tresdalshaugane, gbnr 16/1 og 2.

Bustadfeltet Tressdalshaugane vart vedtekene av kommunestyre den 16.09.2004, sak 64/04. I planføresegner for reguleringsplanen terniks anlegg.

## § 2.0 Tekniske anlegg

### 2.1 Vassforsyning

Vassforsyning skal etablerast ved brønnboring, eller ved seinare tilkopling til kommunalt vassverk.

### 2.2 Avlaup

Avlaupet frå byggefeltet skal leiast til felles infiltrasjonsgrøfter, etter reinsing i slamavskillar.

Det skal utarbeidast avlaupsplan for byggefeltet før bygging blir godkjent oppstarta. Slik plan skal utarbeidast i samarbeid med kommunen si driftsavdeling.

## 5. Vurdering

## 6. Konklusjon

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*



**Mottakarar:**  
Ing. Bjørnar Vik

Haugsværlia 1 5983

HAUGSVÆR